



MEDARBEIDARFEST PÅ LYNGMO!

14. juni kl. 18.00

Vinterglimt frå Lyngmo

Smak & Sjø



Indreiserisjonsforbundet



Milejonesambandet

Helsing frå Lyngmo

No er endeleg snøen forsvunne frå campinga, me har fått litt regn på plenane og Lyngmo byrjar å bli klar for sommarsesongen! No er det full aktivitet på tunet og Korona er forhåpentlegvis eit tilbakelagt stadium. Me merkar framleis litt etterdønningar med litt treigheit i påmelding til nokre av arrangementa våre, men det ser ut til å ta seg opp framover!

No håpar me å få huset og området klart til sommarsesongen med Bibelsommar i Vest, familieleir med UIO, Israelsmisjonen sine seniordagar, bibelhelg og mange turistar og grupper som har lyst til å nytta litt av sommarferien sin på Lyngmo.

Eg må få lov å løfte Bibelsommaren litt ekstra fram i denne samanheng. I år er det litt dårlegare påmelding enn det var før Korona. Dette blir ei veldig kjekk veke som mange av dykk sikkert kjenner godt til frå før. Så dersom det er nokon som kunne tenkt seg å vera med, er det berre å gå inn på nettsida vår for

meir info og for å melda seg på.

Eit nytt arrangement som me skal ha no i juni er medarbeidarfesten som de ser lyser opp framsida på bladet. Her er du hjarteleg velkomen enten du har vore leirleiar, medhjelp på kjøkkenet, er med på vaktmesterarbeid eller kva som helst anna. Her er alle som er glad i og støttar opp rundt Lyngmo hjarteleg velkomne! Me set utruleg stor pris på dykk alle, og vil derfor ha ein fest for å takka dykk! Utan alle dykk hadde ikkje leirplassen vår sett så flott ut som den gjer. Forhåpentlegvis vert det fint vêr og me kan fyra opp grillane ute, om ikkje så satsar me på ei kjekk samling innandørs. Det vert mat, andakt og kjekt sosialt samvær. For å kunne berekne maten sånn nokolunde ber me om at de melder dykk på. Dette kan de gjere på nettsidene våre, eventuelt på mail eller telefon.

Helsing Lars Inge




Arkivbilette frå ein flott dag på Bibelsommar i Vest.

Jesus elsker borna (fargelegg!)

Evangeliet etter Lukas 18. 15-17

Dei bar òg spedborna til Jesus for at han skulle røra ved dei. Læresveinane såg det og ville visa dei bort. Men Jesus kalla dei til seg og sa: «Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»





Vinterglimt





frå Lyngmo



Smak & Sjå– Misjonsdag for barn!

Søndag 3. april inviterte me barn til å vere med på ei reise til andre kulturar. Etter ei fellessamling gjekk borna rundt på ulike rom som representerte Øst-Afrika, Sentral-Asia, Indonesia, Noreg og Sør-Amerika. I kvart rom fekk borna høyre ein historie frå området, smaka frukt som brukes mykje der, og fekk eit oppdrag som mellom anna å lære nokre ord eller gjette kva dyr nokre ting var laga av.



16. mai feiring på Lyngmo

Tida flyr når ein har det kjekt! På 16. mai samla me rundt 20 ungdommar frå Sogndal og Luster, og det vart arrangert bilrebus. Denne fall i god smak (sjølv om tidsramma vart sprengd) og det tok litt tid før maten kom på bordet, men grillmat i mai er alltså ein slagar! Me fekk besøk av to jenter frå UIO der ei av dei fortalte vitnesbyrdet sitt. Det var ei sterk historie, og me er takksame for at dei ville dele med oss. Kjære ungdommar, takk for at de er med på all galskap me finn på her på Lyngmo, velkomen igjen!



Her har me «Trøtraktor– mafiaen» sitt lagbilete frå dagen.

Kva skjer?

MAI 2022

24.-27. Vi over 60

JUNI 2022

6. Storsamling med SIM og Luster familiemøte kl 16.

10. - 12. Leir for 2 - 4 klasse

14. Medarbeiderfest

16. Småbarnstreff

17.-19. Leir for 5.-7. klasse

23. - 26. Lerum Cup

26. juni - 3.juli Bibelsommar i Vest

JULI 2022

17. - 23. Familiefokus, Ungdom i Oppdrag

AUGUST 2022

1.- 4. Sommerdager for seniorer 60 pluss med Israelsmisjonen

27. - 28. Bibelhelg

SEPTEMBER 2022

7. Spring for Lyngmo

16.-18. Internatmøte for Kvinner

30. - 2. oktober Leir for 2.-4. klasse

OKTOBER 2022

7. - 10. Leir for 4 - 7 klasse

21. - 23. Ungdomsleir (8.kl - 3.vgs)

28. Haustbasar

NOVEMBER 2022

4.-6. Pusterom

11.-13. Barnas songleir

18.-20. Inspirasjonshelg for kvinner



Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien.
- God mat som folk flest likar
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

*Me tilbyr også catering med kaldtbord, middag eller snittar!

*Ta kontakt for informasjon / tilbod!

"NORGE P.P."

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

SOMMARLEIR

LYNGMO UNGDOMSSENTER

10.-12. JUNI 2.-4. KLASSELEIR

17.-19. JUNI 5.-7. KLASSELEIR



Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding.

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post (lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

